



Stusdal VVS AS  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/288 - 17/12508

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
29.06.2017

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad gbnr 52/42 Kårbøneset

**Administrativt vedtak. Saknr: 175/2017**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 07.06.2017, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/42, Kårbøneset.

Anlegget det er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter.

### Nabovarsel:

Utsleppet vart nabovarsla i tida 01.05.2017-23.05.2017 i samsvar med pbl §21-3. Det ligg ikkje føre merknader.

### Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dipsensasjon.

### Vurdering:

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og der det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar og opne vassdrag.

Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett vert ikkje tillete.

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningslova.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter administrasjonen si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing sin § 12-5.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/42 på Kårbøneset, i samsvar med søknad journalført motteke 07.06.2017 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing/infiltrasjonstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Svartvatn må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatnet ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart  
kart

**Kopi til:**

Byggmester Øyvind Litangen  
Jan Myrås

Orrhøyen 12 5918  
Åmundsdalen 163 5115  
D

FREKHAUG  
ULSET

**Mottakere:**

Stusdal VVS AS

Apalen 17 5915

HJELMÅS